



Finnøy kommune
Finnøy sentralskule

4 100 FINNØY
tlf. 51 71 41 00
fax 51 71 41 01
email: mlb@finnoy.kommune.no

Til
Jone Bringeland, lærarrepresentant (2 år)
Tor Magne Moen, lærarrepresentant (1 år)
Joanna Mowinska, representant for andre tilsette (2 år)
Ingvild Steen, representant frå kommunen
Toralf Ladstein, foreldrerepresentant (1 år)
Maria Julie Østebøvik, foreldrerepresentant
June Mjølunes Steinnes, foreldrerepresentant i SMU
Mathias Gard, elevrepresentant for mellomtrinnet
Nora Amdal, varelevrepresentant for ungdomstrinnet
Magnus Rørheim , elevrepresentant i SMU

Finnøy 8/3 -2019

Referat frå møte i samarbeidsutval (SU) og skulemiljøutval (SMU) ved Finnøy sentralskule

Tidspunkt: Onsdag 28. november 2018 kl. 09.00- 11.00
Stad: Konferanserommet på Finnøy sentralskule

SMU saker:

Sak 1 18/19 Konstituering

Maria Julie Østebøvik blei valt til leiar
Toralf Ladstein blei valt til nestleiar

Sak 2 18/19 Presentasjon av Plan for godt læringsmiljø. Sjå vedlagt plan.

Har de tankar om korleis skulen kan skapa eit endå betre læringsmiljø for elevane.
Korleis kan me involvera elevar og foreldre?

Forslag frå SMU:

- Få i gang TL på ungdomstrinnet
- Kan ein få aktivitetsapparat på ungdomstrinnet. Dette er eit ynskje frå elevrådet. Rektor har meldt dette som tiltak i budsjettarbeidet
- Kan skulen leggja til rette for meir aktivitetar i kulturstova?

Sak 3 18/19 Skulevegundersøkinga.

Sjå vedlagt oversikt over resultat på skulevegundersøkinga for dei tre siste åra. Me kan sjå ein liten positiv utvikling på kor mykje som blir rapportert i undersøkinga. Likevel ser me at det skjer uheldige ting som gjer skulevegen utrygg. Korleis kan me gjera skulevegen trygg for alle?

Tilbakemeldingar frå SMU:

Foreldre og elevar opplever også ei betring på skulevegen. Foreldre kom me forslag til å oppfordra buss sjåførane til å snakka meir med elevane, t.d seia god morgon, hei og eller hadet, smila, høyra om dei har det bra og liknande.

Ein av sjåførane køyrer fort. Dette er noko som er kjent i foreldregruppa og som ein har snakka om i mange år

Sak 4 18/19 Foreldreundersøkinga

Me ynskjer å gjennomføra foreldreundersøkinga i desember. Korleis kan me gjennomføra undersøkinga slik at me får god deltaking, tips/idear?

SMU ynskjer at skulen gjennomfører foreldreundersøkinga på våren. Tiltak for å auka deltakinga:

- Snakka om det på foreldremøte og ta undersøkinga rett etterpå
- Få mail om undersøkinga
- Engasjera klassekontaktane. Dei kan oppfordra til deltaking i Facebookgruppa.
- Premie for beste klasse

Sak 5 18/19 Leksefri skule

Ungdomsrådet jobbar for leksefri skule. Elevrådet og rektor skal møta ungdomsrådet måndag 26. november for å diskutera temaet. Elevrådet og rektor vil orientera om kva som blei diskutert

Tilbakemeldingar frå SMU:

Foreldre meiner det kan vera vanskeleg å få gjort leksene i ein travel kvardag. Nokre elevar strevar ekstra med lekser.

Skulen tenkjer at det er bra med lekser. Foreldra kan følgje med, elevane får repetert kunnskap og auka lesedugleik og elevane lærar seg gode rutinar.

Ein var einige om at ein bør evaluera leksene og sjå om ein kan gjera noko annleis. Kva er målet med leksene? Korleis kan skulen gi lekser som alle kjenner er nyttige.

SU saker:

Sak 6 18/19 Utviklingsområde

Kvart år jobbar skulen med ulike utviklingsområde for å gjera skulen betre. Til våren vil me bla laga ein ny visjon og systematisera arbeidet med utvikling av eit godt læringsmiljø. Kva tankar har foreldre og elevar om læringsmiljøet? Kva er bra og kva utfordringar har me? Korleis kan me involvera alle i dette arbeidet?

Oppsummering:

Det blei ikkje tid til å diskutera dette så mykje, men skulen vil involvera foreldra og elevar i arbeid med verdiar og ny visjon. Det vil bli meir om dette på neste møte

Sak 7 18/19 Budsjett

Me har lagt opp til same tenestetilbodet som me har pr i dag. 8. trinn er slått saman til ein klasse pga av lågt elevtal. 6. trinn er delvis slått saman pga lågt elevtal. Dersom elevtalet ikkje går opp, vil me halda fram med ein klasse på trinnet.

Rådmannen har lagt inn ein sum til kjøp av Cromebook til nye 8. trinn og eit trinn på barneskulen, ein skal kjøpa inn Cromebook over ein treårsperiode slik at alle elevane på 5.-10. trinn har ein Cromebook kvar. Det vil også bli betre dekking av PCar 1.-4. trinn. Rådmannen har i tillegg lagt inn i budsjettet at skråninga ovanfor kunstgrasbanen skal bli betre slik at det ikkje kjem sand og grus ut på banen.

Elevrådet har kome med ynskje om å tetta uverskuret. Det vil bli gjort innan ein månad eller to. Vaktmeisteren kjøper inn plexiglas som han skal skru opp på innsida av skuret. Elevrådet for ungdomstrinnet har også kome med ynskje om aktivitetsapparat i skulegarden. Rektor la inn eit forslag om aktivitetsapparat til budsjettarbeidet, men det blei ikkje tatt med vidare.

Vedtak i SU:

FAU sender inn sak til politikarane om å setja av midlar til aktivitetsapparat i skulegarden til ungdomstrinnet.

Med venleg helsing

Bente Tjelta

Rektor